

Årsmelding for Årebrot Grendahus Partslag 2020

Med i styret:

Otto Ullevålseter, leiar

Torleif Seljestokken

Elisabeth Ruud Nordbotten,

Marit Brandsøy

Jacqueline Mannaart

Vara: Håkon Årebrot og Bente Årebrot.

Dette er 5. året Botnane og Årebrot Grendalag står for drifta av grendahuset på Årebrot. Årsmøtet i mars 2020 vedtok å forlenge denne avtalen med 2 år. Huset har gjennom året vore brukt som treningslokale, 17.maifeiring, kafear, private arrangement og utleige til overnatting. Sommarbasaren 12.07. til inntekt for begge husa var på Årebrot i juli. Uteområdet har vore leigd ut til NSE for brakker til deira arbeidarar.

Oppløysing av partslaget:

På fleire møte i løpet av året har styret arbeidd med ulike forslag til korleis partslaget kan løysast opp. Handsaminga av saka har tatt tid grunna covid19 forskriftene. I desember vart det halden ekstraordinært årsmøte.

Styret la fram to framlegg til røysting:

1. Årebrot Grendahus PL blir oppløst.
2. Eigedommen gnr.11 bnr 31 med dei tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar overdragast til Botnane og Årebrot grendalag org.nr. 991604383.
Årsmøtet føreset at huset skal vere eigen driftseining og ha eige rekneskap og eigedomsoversikt for framtida og skal kunne skiljast ut dersom BÅG blir oppløyst. Overføring av eigedommen blir å gjennomføre når BÅG har godkjent overtaking på sitt årsmøte.
3. Innløysing av partar.
Alternativ 1: Eit fleirtal er for at det skal utbetalast pålydande kr. 100 pr. part til alle partseigarane og at resten av kontantbeholdninga på konto 3775.65.63573 skal overførast til BÅG sin konto for drift av Årebrot grendahus etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i forbindelse med overtakinga er gjennomført.
Alternativ 2: Eit mindretal meiner med bakgrunn i samvirkelova at resten av kontantane på konto 3775.65.63573 som er att etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i forbindelse med overtakinga er gjennomført, skal fordelast til gjenlevande partseigarar etter kor mange partar kvar har.
4. Inneståande på partslaget sin konto etter utbetaling til partseigarane og utgifter til overdraging av eigedommen og avvikling, overførast til Botnane og Årebrot grendalag sin konto for drift av Årebrot grendahus.
5. Årsmøtet gir partslaget sitt styre fullmakt til å gjennomføre årsmøtevedtaket og å avvikle Årebrot grendahus PL.

6. Fullmakt til å underteikne dei formelle dokumenta som trengs i samband med overdraginga blir gjeven til leiar i styret for Årebrot grendahus og ein person som årsmøtet vel.

Resultatet på røystinga vart at alternativ 1 fekk 46 og alternativ 2 fekk 4 røyster.

På dugnad 06.06 vart det m.a. utført:

Saga ned tre og kratt mot vatnet.

Skifta noko kledning på austveggen .

Reiv ned det gamle leikestativet ved inngangen.

Møte:

Årsmøte 07.03.20

4 styremøte

Ekstraordinært årsmøte 12.12.20

Vedlikehald og utbetringar.

Golv i salen vart bona av BB Service System i mars-20.

Bilete laga av Fritjov Urdal (20 bilete) er ramma inn og heng i gongen.

Trillevogn til kjøkkenet er kjøpt inn.

Utebord frå Ytrehus Sag er flytta frå grendahuset i Botnane.

Det vart kjøpt inn krukker og planter til inngangspartiet sommaren 2020.

Begge toaletta vart skifta same år.

E-trygg har hatt kontroll, BÅG har bytta lysarmatur, brytarar og stikkontaktar.

Økonomi

Grendahuset har fått tilskot frå forhandlingsutvalet for Gulesletten Vindkraft, leigeinntektene frå NSE og div utleige av huset.

Juli 2021

Otto Ullevålseter
leiar

Torleif Seljesokken-

Marit Brandsøy

Jacqueline Mannaart

Elisabeth Ruud Nordbotten